



"Fangst"-kvartetten i Uskedalen måndag kveld. Til venstre står kaptein Nils Fanghol medan toktleiar Bjørnar Isaksen står til høgre. I midten Jostein Saltsgård og Asbjørn Aasen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Havforskningsinstituttet var på visitt i Uskedalen på fiskestartdagen måndag og konstaterte at det ikkje er brisling å finna i vårt område. Deira blåhvite båt som saumfor området vekte ein viss merksemd. Men hovudhensikten med at eit forskarteam på tre i båten "Fangst" er i Sunnhordland-området akkurat no er eigentlig ein heilt annan.



Feriefolket slappar av medan "Fangst" (til venstre, ute på fjorden) leitar forgjeves etter brisling. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei skal prøva ut ein ny type merd i samband med fiskestarten og har i den samanhengen knytta seg til ein av de få brislingfiskarar som finst att i Kvinnherad, nemleg Johnny Sjo på Halsnøy. Og i ventetida tok dei ein runde til Uskedalen for å sjå etter mogeleg brisling.

Sjo kjem for sin del til å fiska i området Høylandssundet/Matrefjorden og forskarane reknar med at det i alle fall ikkje blir problem med å få tak i nok brisling for deira føremål.

Den nye merden (oppbevaringsposen) er konstruert av Havforskningsinstituttet og dette er den aller første testen av det nye utstyret..

I alle år har det vore eit problem at brislingen blir ramma av åte (rauåte og svartåte). Den nye merden med eit rammeverk i botnen vonar dei skal føre til at brislingen får ein betre stim-adferd og at dødeligheten såleis blir mindre.

Det som forskarane skal gjera i samband med ut-testinga av det nye utstyret er først å plassera fisken i ei oppbevaringsmerd i to døgn. Deretter deler dei han i to og legg eine halvparten i ei merd av den gamle typen og den andre halvparten i den nye.

- Så får vi se kva som skjer, seier toktleiar og seniorforskar Bjørnar Isaksen til uskedalen.no.

Han har med seg Jostein Saltsgård og Asbjørn Aasen. Fjerdemann i teamet er kaptein og eigar av "Fangst", som har basen sin i Molde. Nils Fanghol leiger ut båten 200 dagar i året til Havforskningsinstituttet og fiskar sjølv torsk i januar, februar og mars.

Instituttet leiger inn nokre få av ein flåte på rundt 10 båtar..

Det er forresten ikkje berre i vårt område det er skrint med brisling. Dei siste åra har rekrutteringa vore generelt dårleg utan at Havforskningsinstituttet veit kvifor. Fangstgrunnlaget blir vurdert som lågt også framfor fisket i år

og det blir truleg ikkje betre resultat enn i fjor.

Av Ola Matti Mathisen



Sjeldan gjest i båthamna i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)